



MØTEPROTOKOLL KONTROLLUTVALET

Møtedato: 25.11.2015
Møtestad: Heradshuset, Dale
Møtetid: 15:00 - 19:25

Møtedeltakarar:

Medlemmer	Parti	Rolle
Boris Groth	FRP	Utvalsleiar
Bente Jorunn Sundheim	H	Nestleiar
Björg Aase Nottveit Hop	AP	Medlem
Odd Jøran Oldervik	SV	Medlem

Varamedlemmer	Parti	Rolle
Anny Bjordam Leiren	H	Varamedlem

Forfall	Parti	Møtande varamedlem
Terje Davidsen	AP	Anny Bjordam Leiren

Andre møtande:

Rådmannen
Ein representant frå Deloitte
Roger Erlandsen, sekretær

Saksliste

SAKSNR	TITTEL
14/2015	GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE
15/2015	GODKJENNING AV MØTEBOK
16/2015	REFERATSAKER OG MELDINGAR
17/2015	DELOITTE - KURS OM ARBEID I KONTROLLUTVALGET
18/2015	PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL



14/2015: GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKSLISTE

Framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Kontrollutvalet 25.11.2015

Behandling:

KONT - sak 14/2015 Vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

15/2015: GODKJENNING AV MØTEBOK

Framlegg til vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

Kontrollutvalet 25.11.2015

Behandling:

Det blei stilt spørsmål om nytt utval kan godkjenne protokoll frå eit møte i det førre utvalet. Sekretær undersøker.

Eit medlem meinte at det skulle ha komme betre fram i protokollen at KU ikkje synes den fikk levert det den hadde bestilt i forvaltningsrevisjonen av Heimetenesta.

KONT - sak 15/2015 Vedtak:

Møteboka vert godkjent slik ho ligg føre.

16/2015: REFERATSAKER OG MELDINGAR

Framlegg til vedtak:

Referatsakene vert tatt til orientering.



Kontrollutvalet 25.11.2015

Behandling:

Kontrollutvalet skal delta på folkevaldopplæring for kontrollutval i regi av sekretariatet i Hordaland Fylkeskommune på Solstrand Hotell & Bad, 25.1 og 26.1 i 2016.

Leiar meiner at protokollane frå kontrollutvalet bør meldes til kommunestyret.

KONT - sak 16/2015 Vedtak:

Referatsakene vart tatt til orientering.

17/2015: DELOITTE - KURS OM ARBEID I KONTROLLUTVALGET

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om arbeidet i kontrollutval til orientering.

Kontrollutvalet 25.11.2015

Behandling:

Orientering om arbeidet i kontrollutvalet blei gjennomført i møtet.

«Hvordan lykkes med kontrollutvalgets arbeid» (utarbeida av Deloitte) blei brukt som kilde til informasjon om arbeidet i kontrollutvalet. Representant frå Deloitte gjennomgikk utvalet si rolle og ulike arbeidsoppgaver.

Kontrollutvalet vart nøgd med gjennomføringa.

KONT - sak 17/2015 Vedtak:

Kontrollutvalet tek informasjonen om arbeidet i kontrollutval til orientering.

18/2015: PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON OG PROSJEKTPLAN FOR UTARBEIDING AV PLAN FOR SELSKAPSKONTROLL

Framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet bestiller utarbeiding av overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon, og overordna analyse og plan for selskapskontroll i samsvar med utarbeida prosjektplanar presentert i møtet 25.11.2015.



Kontrollutvalet 25.11.2015

Behandling:

Deloitte la frem forslag til prosjektplan for utarbeiding av Plan for forvaltningsrevisjon, og forslag til prosjektplan for utarbeiding av plan for selskapskontroll. Planane blei gjennomgått av Deloitte i møtet, og diskutert av utvalet.

Forslag til prosjektplan for utarbeiding av overordna analyse og plan for selskapskontroll blei godkjent slik den ble presentert.

Forslag til prosjektplan for utarbeiding av overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon: her ønska kontrollutvalet endringar. Det blei bedt om at også tilsette, hovudtillitsvalde og hovudverneombud blei omfatta av spørjeundersøkinga. Deloitte blei bede om å endre prosjektplanen. Leiar for KU fekk fullmakt til å godkjenne revidert prosjektplan.

KONT - sak 18/2015 Vedtak:

Kontrollutvalet bestiller utarbeiding av overordna analyse og plan for forvaltningsrevisjon, og overordna analyse og plan for selskapskontroll i samsvar med utarbeida prosjektplanar presentert i møtet 25.11.2015, justert for innspel som kom fram i møtet for prosjektplan for forvaltningsrevisjon.

Leiar får fullmakt til å godkjenne revidert prosjektplan for forvaltningsrevisjon.



ANDRE SAKER/DRØFTINGAR

- Kommunen har i vedtak rådet til at det blir gitt konsesjon til Boge 3 kraftverk. Her er Trond Mohn deleiger. Kontrollutvalet har tatt i mot melding frå ordfører i kommunen og ein innbygger om at det spekuleres i pressen om mogleg kobling mellom at kommunen råder til konsesjon, og at Trond Mohn gir pengegaver til kommunen. Kontrollutvalet må diskutere korleis denne førespurnaden skal handsames.
- Det blei bestemt å invitere rådmannen til å gi ein orientering om omsorgsboligene i kommunen. Kontrollutvalet ønskjer ein oversikt over antall boliger, kor dei fins, og informasjon om kven som kan bu i dei.
- Det blei foreslått at kontrollutvalet kan be om å få omvisning/få informasjon om diverse eininger i kommunen foretatt av einingene sjøl.

Neste møtet i kontrollutvalet blir onsdag 27. januar 2016, klokka 13.00.